



Det ligg 12 hytter rundt Mannsvatn. (Foto: Kristian Bringedal)

Thomas Fjelland Eide har no svara på klaga frå Fylkesmannen på vedtaket i forvaltningskomiteen om dispensasjon for byggjing av hytte på vestsida av Mannsvatnet.

Han presiserer mellom anna at han ikkje har planlagd å byggja større enn 50 kvadratmeter og beklagar at måla på hytteteikninga ikkje er rette..

Eide presiserer at han tek 'særs omsyn til blant anna storleik så det aldri har vore tanken å byggja eit palass'. Når det gjeld plasseringa har han funne ein høveleg plass som gjer det enkelt å byggja, men kan finna ein ny plassering dersom dette blir bestemt.

Eide meiner Fylkesmannen har basert klagen på at det berre ligg ei hytte i området etter å ha vore inne på Fonnakart og sett på flyfoto. Men Eide peikar på at det ligg totalt 12 hytter rundt Mannsvatn og at fleire av dei ligg innanfor 100-metersbeltet. Fleire av hyttene har og naust.

Av Ola Matti Mathisen